

**Uskedelingen Frank Vik vant jegerklassa suverent i Hålandshjorten med 136 poeng og fekk fyrste aksje i vandretrofeet.  
Johnny Miljeteig frå Uskedalen kom på sjetteplass med 116 poeng i denne klassa.**

44 jegarar møtte fram i Muradalen for å skyta dei 30 obligatoriske skota før skyteprøva for storviltjakt. Det vart skote liggjande, sitjande og ståande mot dyrefigurar på ulike hald og det var mykje bra skyting under vekslande vindtilhøve.

Beste hjort var det i år Tore Storhaug som hadde med 46 poeng..

I jegerklassa vart ellers Marte Kristoffersen Øyjord frå Uskedalen nummer 11 medan Gunvald Friheim vart nummer 33 og Kåre Rød nummer 34. Dei tre hadde 97, 50 og 49 poeng.

Miljeteig kom på tolvteplassen i hjorteklassa med 29 poeng, medan Friheim vart nummer 35 med 10 og Kåre Rød nummer 36 med 8.